



Vestskog
Att: finn.olav.myhren@vestskog.no
Berre sendt som e-post

Dato: 02.07.2015
Vår ref.: 2015/295-26
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

TILSKOTSORDNING FOR VILTFORMÅL 2015 - Avslag på søknad om tilskot til Samarbeidsprosjekt småvilt i Hordaland

Vi viser til søknaden frå Sogn og Fjordane Skogeigarlag om tilskot til ovannemnde tiltak, datert 14.01.2015. Vi er kjent med at laget seinare har fusjonert til Vestskog, og sender svarbrevet her til Vestskog.

Søknaden vart fremja i det nettbaserte søknadssystemet til Miljødirektoratet, der den har referansenummer 15SA52F4. Søknaden er vurdert for tilskot frå løyving som fylkeskommunen fordelar under den statlege tilskotsordninga Kap. 1425 post 71.3 *Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak mv.*

Vi må dessverre melde avslag på søknaden.

Grunngjeving

Fylkeskommunen mottok i år i alt 13 søknader om tilskot til viltformål, med samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunen på kr 751 428, mot samla tildeling til Hordaland fylkeskommune i 2015 på kr 500 000,-. Fordelinga av tilskot til omsøkte vilttiltak i 2015 vart gjort på møtet i Kultur- og ressursutvalet 02. juni 2015, sak PS113/2015. Saksframlegget inneheld blant anna oversikt over søknader og søknadsvurderingar. Sjå saksframlegget og vedtak frå møtet via lenkja:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=281>.

Direkte lenkje til saksframlegg (pdf-fil): <http://bit.ly/1RTfyOd>. Direkte lenkje til vedtaket: <http://bit.ly/1GPV8iP>.

Klage og partsinnsyn

Vedtak om heilt eller delvis avslag kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå motteke brev. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva tiltak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte sakshandsamar Jomar Ragnhildstveit, e-post:

jomar.ragnhildstveit@hfk.no eller telefon 55 23 93 08.

Lukke til med vidare arbeid!

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.